FUSA KOMMUNE

**Sakshandsamar:**
Helle Holte Bruland
56580148

**Vår referanse:**
Arkivsaknr: 16/1096/ 34

**Dykkar referanse:**

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

**Vår dato**
12.12.2017

**Melding om vedtak og oppstart planarbeid - planprogram for kommunedeplan for akvakultur**
**Fusa kommune**

I kommunestyret 26.10.2017 vedtok Fusa kommune planprogram for kommunedelplan for akvakultur 2018 – 27, og varsler med dette oppstart planarbeid.

Vedtaket er heimla i plan og bygningslova (pbl) § 4-1, 11-1 og 11-13.

Det skal utarbeidast ein kommunedelplan for akvakultur i Fusa kommune. Planen skal bestå av eit plankart, føresegner og ein tekstdel, og skal erstatta sjødelen i kommuneplanens arealdel. Etter første handsaming av planprogrammet i kommunestyret 13.10.2016 vart planprogrammet lagt på høyring i 6 veker. Det kom inn 10 merknadar frå høyringsinstansar, representantar frå næringa og private. Merknadane er kommenterte i eige merknadsskjema, og det føreliggjande planprogrammet er justert.

Det er òg gjennomført eit samarbeidsmøte med aktuelle næringsaktørar innafor akvakultur i kommunen. Det vil verta lagt opp til ytterlegare samarbeid med aktuelle aktørar, innbyggare og nabokommunar i det påfølgjande planarbeidet.

Spørsmål til planarbeidet kan rettast til sakshandsamar.

Helsing

Helle Holte Bruland
arealplanleggjar

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

| | | |
|---|---|---|
| Planprogram for kommunedelplan for akvakultur 08.09.2017 | 1368234 | 12.12.2017 |
| Kommunestyrevedtak 26.10.2017 - Planprogram for kommunedelplan for akvakultur 2018 - 27 | 1368235 | 12.12.2017 |
| Merknadskjema etter høyring - Planprogram for kommunedelplan for akvakultur 28.03.2017 - 13.07.2017 | 1368233 | 12.12.2017 |